

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
066/18	Formannskapet	PS	30.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ester Frøyen	K1-033	18/1979

Kystvegen Florø - Måløy

Framlegg til vedtak:

Framlegg frå repr.Frank Willy Djuvik,Frp:

Flora formannskap syner til finansutvalet sitt arbeidsdokument 4/18 der fylkesrådmannen inviterer finansutvalet til å ta prosjektet fv 614 Svelgen-Indrehus ut av vedteken økonomiplan og mellombels stogge reguleringsarbeidet for prosjektet.

Flora formannskap vil på det sterkaste oppmode finansutvalet og Fylkestinget om å ikkje stogge reguleringsarbeidet eller fjerne prosjektet frå vedteken plan. Prosjektet er svært viktig for framdrifta og realiseringa av ein heilskapleg kystveg mellom Måløy og Florø, og vil være avgjerande for framtidig sambinding og utvikling langs kysten av Sogn og Fjordane.

Ei betre løysing er å halde fram med planarbeidet, og sjå på kostnadsreducerende tiltak i planprosessen. Statens Vegvesen bør bli bedt om å sjå på kva kostnadsreducerende tiltak og avvik frå vegnormalane som kan være aktuelle for å redusere kostnader og samstundes oppretthalde prosjektet sin funksjon og tryggleik.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Formannskapet - 066/18

FORM - handsaming:

Framlegget frå Djuvik vart samrøystes vedteke.

FORM - vedtak:

Flora formannskap syner til finansutvalet sitt arbeidsdokument 4/18 der fylkesrådmannen inviterer finansutvalet til å ta prosjektet fv 614 Svelgen-Indrehus ut av vedteken økonomiplan og mellombels stogge reguleringsarbeidet for prosjektet.

Flora formannskap vil på det sterkaste oppmode finansutvalet og Fylkestinget om å ikkje stogge reguleringsarbeidet eller fjerne prosjektet frå vedteken plan. Prosjektet er svært viktig for framdrifta og



FLORA
KOMMUNE

realiseringa av ein heilskapleg kystveg mellom Måløy og Florø, og vil være avgjerande for framtidig sambinding og utvikling langs kysten av Sogn og Fjordane.

Ei betre løysing er å halde fram med planarbeidet, og sjå på kostnadsreducerende tiltak i planprosessen. Statens Vegvesen bør bli bedt om å sjå på kva kostnadsreducerende tiltak og avvik frå vegnormalane som kan være aktuelle for å redusere kostnader og samstundes oppretthalde prosjektet sin funksjon og tryggleik.



FLORA
KOMMUNE

Saksopplysingar:

Saka vart teken opp i møtet og gjeld Kyststamvegen - prosjekt fv 614 Svelgen - Indrehus.